



Til adressatar i følge liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Stemnebøskogen naturreservat (tidlegare Hisarøyna søraust naturreservat) - framlegg om oppretting i medhald av naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig skogvern

Fylkesmannen sender på høyring eit framlegg om oppretting av Stemnebøskogen naturreservat på Hisarøyna i Gulen kommune, etter prosedyren for frivillig skogvern. Frist for å kome med merknad til framlegget er 15. november 2019.

Vi viser til vårt brev av 12.03.2019 med melding om oppstart av verneprosess etter naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig vern for eit område som vart kalla Hisarøyna søraust naturreservat. Området var delt i to. Etter at oppstartmeldinga vart sendt ut, har eigarane av gnr. 113 bnr. 3 kome med tilbod om frivillig skogvern også på sin teig som låg i mellom, slik at framlegget no omfattar eit samanhengjande og større areal enn oppstartmeldinga. Vi har vurdert om endringa krev ny oppstartmelding, men i samråd med Miljødirektoratet har vi kome til at dette ikkje er naudsynt fordi alle høyringspartane fekk tilsendt oppstartmeldinga.

Etter tilbakemelding på namn, er framlegget no å kalle området Stemnebøskogen naturreservat.

Bakgrunn

Sidan St.meld. 25 (2002-2003) har frivillig vern, saman med vern på statsgrunn, vore ein av hovudstrategiane for nytt vern av skog i Noreg. Frivillig vern inneber at det er grunneigarane, i samarbeid med skogeigarlaget, som tilbyr staten areal for mogleg vern. Dersom verneverdiane er så store at miljøvernstyresmaktene finn det interessant, vert det så starta forhandlingar mellom staten og grunneigarane. Det vert då forhandla både om avgrensing, verneforskrift og pris, og det vert ikkje inngått avtale om vern med mindre partane vert samde.



Områdevern er likevel ikkje berre ei sak mellom grunneigarar og miljøstyresmakter. Som for tradisjonelle verneprosessar er det difor viktig med ei offentleg høyring der også andre instansar og samfunnsinteresser kan kome med merknader. Naturmangfaldlova §§ 41 og 42 krev også at alle som vernet vedkjem vert informerte når vernearbeidet tek til, slik at dei i god tid før høyringa er best mogleg informerte om korleis det planlagde verneområdet vil kunne gripe inn i deira interesser. Dette er ikkje mindre viktig ved frivillig vern, der forhandlingane med grunneigarane allereie har kome langt når den formelle delen av prosessen startar opp.

Føremålet med dette brevet er å høyre eit framlegg om å opprette Stemnebøskogen naturreservat i medhald av naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig skogvern,

Aktuelt verneområde

Det planlagde verneområdet (sjå vedlagt kart) ligg søraust på Hisarøyna mot Folefotsundet i Gulen kommune. Grunneigarane i området har underskrive avtale om vern som naturreservat (sjå vedlagt kart).

Det planlagde verneområdet omfattar i alt ca. 1365 dekar og består av teigar som høyrer til gnr./bnr. 113/1, 113/2, 113/3, 113/4 og 113/5.

Verneverdiar i området

Tilbodsområdet gjeld eit skogområde som vart kartlagt og funne med store naturverdiar i 2013 og vidare sørover. Framlegget (tilbodet) gjeld eit større areal enn kjerneområdet med A-verdi (svært viktig). Tidlegare er tilbodsområdet kartlagt som kystfurusskog med A-verdi, men ved kartlegginga i 2013 valde ein å fokusere på regnskogen, og med det eit mindre avgrensa område. Det er svært verdfullt at eit så stort samanhengande område med skog på kysten vert verna som naturreservat.

Skildringa under gjeld kjerneområdet (i alt ca. 283 dekar) som vart funne som svært viktig (A-verdi) i 2013 og er omtala i Naturbasen. Heile kjerneområdet ligg inne i framlegget til naturreservat.

«Verdibegrunnelse

Lokaliteten er uvanleg stor (271 daa) og får høg vekt på storleik. Det same gjeld for artsmangfald og det er også på grensa mellom middels og høg vekt for bergvegger og skogtilstand. Samla sett er verdien ein klar svært viktig - A

Innledning

Skildringa er utarbeidd av Geir Gaarder i Miljøfaglig Utredning 18.02.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 11.09.2013 saman med Hans H. Blom (Institutt for Skog og Landskap). Kartlegginga vart gjort i samband med ARKO-prosjektet på oseaniske skogar på Vestlandet. Lokaliteten har også tidlegare vore registrert og lagt inn i Naturbase, men da med svært tynn omtale (det stod omtrent berre at dette var einaste kystfurusbogen ute på øyane her) basert på Gaarder (2005) som i sin tur baserer seg på Eilertsen (2004). Heile omtalen er no skriven om, naturtype endra, verdi auka og avgrensinga er også ein god del endra.

Beliggenhet og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg på nordaustsida av Stemnebøfjellet på søraustre del av Hisarøyna. Mot nord ligg det to bratte kløfter med innslag av ein del bergveggar. Mot aust går også ei kløft, men noko meir open og ikkje så bratt. Litt bergveggar finst også her. Berggrunnen verker ikkje å vere særleg kalkrik. Det er ein liten bekk i den austvendte kløfta, berre nokre små vassig i den vestre i nord. Det er også litt blokkmark. Lokaliteten grenser for det meste litt gradvis mot tørrare og meir eksponert skog på alle kantar. Mot nordvest er det i praksis ei gradvis grense mot attgroande kystlynghei. Ein kunne ha skilt ut dei nordlege kløftene som ein lokalitet av litt lågare verdi, og den austvendte kløfta som ein annan av høg verdi, men under tvil er det her valt å slå dei saman.

Naturtyper og utforminger



Småbregneskog er nok samla sett kanskje vanlegaste naturgrunntype her, men det er også ein god del blåbærskog (særleg i aust) og dels også innslag av storbregneskog. Bergveggane verkar gjennomgåande ganske kalkfattige. Som verdifull naturtype er det klart at regnskog er rett kategori og det meste av feltsjiktet og øvrige artar tilseier at det er den fattige deltypen som er gjeldande her, og i liten grad den rike.

Artsmangfold

Bjørk er samla sett vanlegaste treslag og dominerande i dei nordvendte kløftene. I tillegg er det ein god del furu, som stadvis er dominerande i søraust. I tillegg førekjem rogn og osp meir sparsamt (til dels ein del rogn i nord). Også førekomst av selje og gråor. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men m.a. veks det litt hinnebregne og raggtelg både i nord og aust. Derimot er førekomsten av regnskogstilknytt lav og mosar uvanleg god, og med unntak av Svanøy i Flora kan dette vere den beste lokaliteten for fattig boreonemoral regnskog nord for midtre delar av Hordaland. Av mosar så finst det spreidd med småhinneose i den austvendte kløfta. Elles litt grannkrekemose (særleg i nord) og m.a. storstylte, raudmuslingmose og småstylte. Av lav vart det gjort fleire funn av skoddelav (NT) i området, og i nordvest også av kystkorallav (NT). Kystvortelav (VU) vaks på ein handfull rognetre i nord. I tillegg vart truleg grå buktrinslav (VU) funne to stader i aust, i så tilfelle einaste lokalitet saman med Svanøy nord for Os i Hordaland. Også av kyststry-gruppa vart det gjort usikre funn i området. Til sist kjem kort trolskjegg (NT), som vaks sparsamt ein stad i nord på ein bergvegg og to stader i aust. For øvrig ein del m.a. av gammalgranlav og litt kattefotlav samt funn av skrukkelav i aust. Det er potensial for fleire kravfulle og dels raudlista artar her.

Påvirkning

Skogen er for det meste i aldersfase, med overgang mot eldre optimalfase i nordvest. Til dels er det overraskande høgvaksten og grov furuskog her, særleg i det austvendte dalføre. Her er det også sparsamt med daudt trevirke, inkludert gadd. Ein del algebelegg på lauvtree, særleg i nord. Det vart funne rest av ei gammal løypestreg i aust.

Fremmede arter

Ingen observert innanfor lokaliteten.

Landskap

Slik skog verkar sjeldsynt i distriktet og det er som før nemnt truleg langt til tilsvarande miljø.

Areal frå kartobjekt (daa)

283,8»

Status i kommuneplanen

I gjeldande kommuneplan for Gulen er området LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde).

Verneforskrift og grenser

Ved oppretting av eit naturreservat vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Dersom det vert oppretta naturreservat, vil det bli forbod mot tekniske inngrep, hogst og motorferdsel. Beite, vanleg friluftsliv, fiske og vanlegvis også jakt, vil vere lov. For Stemnebøskogen (tidlegare Hisarøyna søraust) har det vore naturleg å ta utgangspunkt i standard mal for skogområde som blir verna som naturreservat. Grunneigarane sine innspel er tekne inn så langt det har late seg gjere. Framlegget til verneforskrift er lagt ved dette brevet. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av naturreservat. Kartet som er lagt ved, viser framlegget til naturreservat, og kan fram til vedtak berre innskrenkast. Framlegget til verneforskrift kan berre gjerast mindre streng.

Erstatning

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomisk tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Ved frivillig vern følgjer ein derimot ikkje den ordinære framgangsmåten ved fastsetjing av erstatning som er omtalt i § 51. Frivillig vern er basert på at partane har vorte samde, også om erstatninga. Difor kan erstatningssummane utbetalast så snart området er verna, utan å vente på dei fristane som er omtalte i § 51.



Eigedomstilhøve

Eigarar av området med framlegg om oppretting av naturreservat er gnr./bnr. 113/1, 113/2, 113/3, 113/4 og 113/5.

Namn

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Vi valde ved oppstartmeldinga å bruke «*Hisarøyyna søraust naturreservat*» som eit arbeidsnamn, men har fått klar tilbakemelding frå Språkrådet om ikkje å bruke det namnet.

Andre aktuelle namn i området som kan brukast er *Stangarhaugen*, *Kongshammen*, *Skotevikneset*. Ein kombinasjon av fleire namn er også mogleg. Ettersom området er utmarka til gardsbruka på Stevnebø på sørsida av øya, har fleire av grunneigarane trekt fram Stevnebøskogen eller *Stemnebøskogen naturreservat* som aktuelt namn på naturreservatet. Når vi ved utsending av framlegget har vald å bruke *Stemnebøen naturreservat* som namn, vil vi gjerne få tilbakemelding på dette og eventuelt framlegg til eit anna namn på naturreservatet. Statens namnekonsulent kan også ha tungtvegande merknader om namnet.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like. Dersom det går kraftlinjer gjennom områda skal dei kunna driftast, vedlikehaldast og oppgraderast.

Brukarinteresser

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det er spesielle brukarinteresser i området utanom grunneigarane sine jaktinteresser og behov for å kunne fortøye i land når ein kjem med båt. Behovet for å vedlikehalde ei kraftlinje heilt sør i området, har gjort at vi i samråd med grunneigarar etter oppstartmeldinga har vald å ta ut kraftlinja og eit mindre areal.

Innspel til oppstartmeldinga

Det kom følgjande innspel til oppstartmeldinga:

Statnett melder at BKKs 24 kV ledning som går gjennom det foreslåtte verneområdet ved Bardsvika lengst sør, og ber om at dei kjem på høyringslista.

BKK Nett ber om at verneforskrifta vert utforma slik at BKK Nett vert sikra rett til drift, vedlikehald og fornying av eksisterande nettanlegg, både luftleidning og sjøkabel med ilandføring. Langs luftleidninga må det og kunne utførast naudsynt hogst for sikker og forskriftsmessig drift (skoggate med breidde 16 meter). Det er viktig å kunne gjennomføre slikt arbeid utan søknad fordi slikt arbeid ofte hastar.



Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE viser til at den sørlege delen av området vert kryssa av ein 24 kV kraftlinje som tilhøyrrer BKK Nett, jf Statnett si uttal. NVE ber om at vernegrensa vert flytta nord for kraftlinja, jf framlegget til nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE viser også til at vern i området kan kome i konflikt med framtidig vindkraftutbygging, sjølv om sjølve området ligg i bratt terreng som vert vurdert som lite aktuelt for vindkraftutbygging. Men framtidig vindkraftutbygging i nærliggjande område kan krevje naturinngrep i form av t.d. ny infrastruktur, og kjem med framlegg om å inkludere potensiell vindkraftutbygging saman med naudsynt motorferdsel under spesielle dispensasjonsheimler i § 7.

Riksantikvaren viser til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar difor ikkje saka.

Alf Hals (grunneigar 113/1 og 2) kjem med framlegg om *Kongshammen naturreservat* eller *Stemnebøskogen naturreservat* som namn.

Språkrådet skriv at det er ikkje tilrådeleg å bruke *Hisarøyna søraust naturreservat* som namn på verneområdet. Namnet må eventuelt skrivast *Søraustre Hisarøyna naturreservat*. Den alternative namneforma *Kongshammen naturreservat* verkar fullt ut tilrådeleg.

Forsvarsbygg finn at Forsvaret sine interesser er tilstrekkeleg ivaretekne av i verneforskrifta som var vedlagt oppstartmeldinga, og dei har såleis ingen merknader.

Direktoratet for mineralforvaltning skriv at i følgje kartdatabasane frå Norges geologiske undersøking(NGU), er det ikkje registrert viktige mineralressursar innanfor verneområde. DMF har derfor ingen merknader til forslaget om oppretting av naturreservatet.

Statens vegvesen region vest har ingen merknader.

Anita Stevnebø og Leiv Ingmar Kaale (grunneigar 113/3, ikkje med i oppstartmeldinga) har etter oppstartmeldinga kome med tilbod om vern av deira teig som ligg mellom det nordlege og sørlege området som låg inne i oppstartmeldinga av 12.03.2019. Dette gjer at framlegget som no vert sendt på høyring er utvida og utgjer eitt samanhengjande natur- og skogområde. Dei har og gjeve innspel om at ringbarking og fjerning av gran vert tillate, at småbåtar kan fortøyast, bruk av dei faste bålplassar ved faste kvile/jaktplassar ved Mosemyra og Storevikneset, og at stiar kan ryddast for velta tre. Dei meiner at *Stemnebøskogen* er eit namn som vil vere dekkjande for heile området.

Fylkesmannen sende oppstartmeldinga også til BKK Nett etter innspel frå Statnett og NVE. Ei samla vurdering i lys av også BKK Nett si uttale gjer at vi i samråd med Vestskog og grunneigar er komen til at kraftlinja med området sør for denne vert teken ut av framlegget til naturreservat i tråd med framlegget frå NVE. Dette imøtekjem også BKK Nett sitt innspel.

Fylkesmannen har vald å bruke *Stemnebøskogen naturreservat* som framlegg til namn etter innspel frå grunneigarane og Språkrådet.



Den austre delen av Hisarøyna med framlegget til naturreservat ligg heilt i utkanten av eit utvald område for Nasjonal vindkraftplan (NVE mars 2019). NVE peikar sjølv på at området er lite aktuelt for vindkraftutbygging. Både dei nasjonalt viktige naturverdiane i Stemnebøskogen (tidlegare Hisarøyna) naturreservat, og at dette ligg heilt i utkanten av området vist i nasjonal ramme for vindkraft, gjer at Fylkesmannen meiner det vil vere feil å ta inn omsyn til moglege framtidige vindkraftplanar i verneforskrifta. Vern etter naturmangfaldlova vil gjere vindkraftanlegg uaktuelt i området, noko vi vil gi innspel om i vår fråsegn til nasjonal ramme for vindkraft. Tilhøyrande infrastruktur vil heller ikkje vere aktuelt i eit naturreservat.

Vi er godt nøgde med at eigarane av gnr. 113 bnr. 3 har kome med tilbod om frivillig skogvern av området slik at dette vert samanhengjande.

Vi er samde i at fortøying av båt i området skal vere tillate, og har teke det inn i framlegget til verneforskrift. Innspelet om rydding av stiar er teke inn i verneforskrifta som eit unntak. Innspelet om bålrensing er teke inn ved at bålrensing med tørrkvist fra bakken eller medbragt ved i samsvar med gjeldende lovverk vil vere tillate. Det vil uansett vere ei føremon om ein nyttar faste bålrensingsplassar.

Saksgang vidare

For å følgje opp Stortinget si satsing på frivillig vern, og for at ikkje grunneigarane skal måtte vente unødig på erstatningsutbetalingane, er det sterkt ønskeleg at saksgangen ikkje vert unødig forseinka for Stemnebøskogen naturreservat. Mest aktuell tidsplan er at ein tek sikte på vedtak om vern som naturreservat i juni 2020. Dette føreset ein relativt stram tidsplan.

Frist for å kome med fråsegn til verneframlegget vert med dette sett til

15. november 2019.

Alle som ønskjer det er velkomne til å kome fråsegn til framlegget om oppretting av Stemnebøskogen naturreservat.

Fylkesmannen legg opp til å ha synfaring i området i det omfanget grunneigarane og andre interesserte ønskjer.

Etter at framlegget har vore på høyring, vil Fylkesmannen vurdere og oppsummere alle innspela og sende si tilråding truleg innan 31. desember i år til sentrale styresmakter, som vil leggje planen fram til endeleg avgjerd i Regjeringa (Kgl. res.) vonleg i juni 2020. Ei relativt stram tidsramme er naudsynt sidan Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet vil få eit stort tal saker frå heile landet, og som det vil ta tid å handsame i dei ulike departementa og andre sentrale instansane som skogreservata vedkjem.



Adresselister

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet.

Vi ber om forståing og orsaking for om det skulle vere feil eller manglar ved adresselistene, og ber samstundes om tilbakemelding på manglar eller feil adresse o.l. til Fylkesmannen ved sakshandsamar.

Informasjon

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til

- seniorrådgivar Tom Dybwad, tlf. 57 64 31 23, e-post fmsftd@fylkesmannen.no

Skriftlege innspel sendast til

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller på e-post fmvlpost@fylkesmannen.no

Med venleg helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Vedlegg:

- Kart over framlegg til Stemnebøskogen naturreservat, Gulen kommune
- Framlegg til verneforskrift for Stemnebøskogen naturreservat

Adresseliste:

Alf Hals (gnr/bnr 113/1, 2), alf.hals@bkkfiber.no

May-Sissel Hessen (gnr/bnr 113/4), maysisseljakobsen@gmail.com

Peder Hausevik (gnr/bnr 113/5), ph.hausevik@broadpark.no

Leiv Ingmar Kaale og Anita Stevnebø (gnr/bnr 113/3), leikaa@kvam.kommune.no
Gulen kommune, gulen.kommune.no

Nordre Gulen Bondelag v/ Halvor L. Brosvik, hbrosvik@online.no

Gulen Skogeigarlag v/ Kjell Virkesdal, kjell.virkesdal@gmail.com

Gulen jeger- og sportsfiskarlag v/ Thomas Stølen, thomasstolen@msn.com

Ytre Sogn Turlag, ytresogn.turlag@dnt.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune, post@sfj.no

Vest Politidistrikt, post.vest@politiet.no

Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, post@hvl.no

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, sognogfjordane@naturvernforbundet.no

Norges Jeger- og Fiskerforbund NJFF Sogn og Fjordane, sognogfjordane@njff.no

Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest, rv@nve.no



Sogn og Fjordane Bondelag, sogn.fjordane@bondelaget.no
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, sognogfjordane@smabrukarlaget.no
Sogn og Fjordane Skogselskap, brandsoyplanteskule@gmail.com
Sogn og Fjordane Turlag, sft@dnt.no
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, sognogfjordane@fnf-nett.no
Sogn og Fjordane avd. NOF v/Anders Braanaas, anders.braanaas@eninvest.net
Visit Sognefjord, info@sognefjord.no
Statens vegvesen region vest, firmapost-vest@vegvesen.no
Forsvarsbygg, servicesenter@forsvarsbygg.no
Norges jeger- og fiskerforbund, njff@njff.no
Technogarden (nødnett), firmapost@technogarden.no
Norsk organisasjon for terrengsykling NOTS, kontakt@nots.no
Stadnamntenesta på Vestlandet, post@sprakradet.no
Statnett, firmapost@statnett.no
Avinor, post@avinor.no
Direktoratet for mineralforvaltning, mail@dirmin.no
Universitetsmuseet i Bergen, post@um.uib.no
Den Norske Turistforening, DNT, info@dnt.no
Det Norske Skogselskap, info@skogselskapet.no
Fortidsminneforeningen, post@fortidsminneforeningen.no
Luftfartstilsynet, postmottak@caa.no
Norges geologiske undersøkelse (NGU), ngu@ngu.no
Norges Naturvernforbund, naturvern@naturvernforbundet.no
Norges Skogeierforbund, post@skogeier.no
Norsk institutt for Naturforskning NINA, firmapost@nina.no
Norsk Ornitologisk Forening (NOF), nof@birdlife.no
Norsk Skogbruksforening NORSKOG, firmapost@norskog.no
Riksantikvaren, postmottak@ra.no
SABIMA, sabima@sabima.no
Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, post@geo.uib.no
Verdens Naturfond (WWF Norge), wwf@wwf.no

Kopi pr. e-post m/vedlegg:


Miljødirektoratet

AT skog (tidlegare Vestskog)

Klima- og Miljødepartementet



Vedlegg: Kart over framlegg til Stenkebøskogen naturreservat





Vedlegg: Framlegg til verneforskrift for Stemnebøskogen naturreservat

Forskrift om vern av Stemnebøskogen naturreservat, Gulen kommune, Sogn og Fjordane

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2020 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å verne eit av dei få store og lite påverka skogområda på kysten som er att i Vest-Noreg, med sitt biologiske og geologiske mangfald. Området er viktig for biologisk mangfald ved at den gamle kystfuruskogen her inneheld fleire skogs- og vegetasjonstypar, med ei kjerne av bjørkedominert boreonemoral regnskog med svært rike førekomstar av sjeldne, regnskogstilknytta lav og mosar.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urörd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:

Gulen kommune: 113/1, 113/2, 113/3, 113/4, 113/5

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 1365 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2020. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Gulen kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørtlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fritt for vegetasjon etter retningslinjer i forvaltningsplan
- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.



- g) Utplassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- h) Vedlikehold av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Rydding av eksisterande stiar for ferdsel og sanking av beitedyr etter retningslinjer i forvaltningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- j) Fortøyning av småbåt ved fastfortøyning, dragfortøyning og ankring.
- k) Ringbarking og felling av gran i medhald av forvaltningsplan.
- l) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medbragt ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmaktene.
- c) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle.
- d) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- e) Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytter innanfor verneområdet.
- f) Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 4 l.
- g) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- h) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- i) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- j) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- k) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g, h og l, og § 7 a, b, c og i.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.



§ 9. (skjøtsel)

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikrafttreding)

Denne forskrifta trer i kraft straks.
